

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 30.05.2014
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen

SAKA GJELD: **Orientering om private avtalespesialister i Helse Vest - status i arbeidet med videreutvikling av ordninga**

ARKIVSAK: 2012/535/
STYRESAK: 077/14

STYREMØTE: 18.06.2014

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Helse Vest deltek saman med dei andre regionale helseføretaka i eit nasjonalt arbeid under leiging av Helse- og omsorgsdepartementet med sikte på å oppnå semje om endringar i avtale- og regelverk som regulerer avtalespesialistordninga. Føremålet med prosessen er å oppnå tilslutning til endringar som vil legge til rette for at tenestetilbodet som avtalespesialistane representerer i større grad enn i dag på ein kostnadseffektiv måte kan utviklast og styrast i tråd med utviklinga i behov for spesialisthelsetenester.

Dei utfordringane det er peika på nasjonalt er langt på veg overlappande med dei tema som tidlegare er identifisert regionalt. Det gir god kraft i det vidare arbeidet at regionane, saman med Helse- og omsorgsdepartementet, opptrer samla i utviklinga av avtalespesialistordninga. Dei utfordringane vi har identifisert vil derfor først og fremst bli søkt løyst gjennom det nasjonale arbeidet.

Helse Vest vil parallelt arbeide vidare med å utvikle vår eigen forvaltning av avtalespesialistordninga.

Fakta

Styret i Helse Vest RHF blei i styremøte 5. desember 2012, sak 132/12 B, gitt ein orientering om korleis Helse Vest vil arbeide for å følgje opp identifiserte utfordringar knytt til avtalespesialistordninga og vidareutvikle ordninga. Målet med arbeidet er i første rekke å identifisere gode og gjennomførbare tiltak som sikrar god ressursutnytting og betre integrering av avtalespesialistane inn mot resten av spesialisthelsetenesta. I tillegg er det peika på at det er behov for å vidareutvikle interne rutinar og å styrke den interne forvaltninga av ordninga.

Arbeidet er gitt følgjande mandat;

«Mandat:

1. *Intern forvaltning av avtalespesialistane*
 - *Revidere og gjere prosedyrar/rutinar for tildeling av ledig avtaleheimel skriftlege*
 - *Utarbeide prosedyrar/rutinar for oppfølging av den enkelte avtalespesialist*
 - *Vurdere behovet for å revidere avtaletekst*
2. *Hensiktsmessig ressursforvaltning som skal sikre gode pasientforløp*
 - *Sikre eit fungerande system for saksgang og informasjonsflyt mellom pasient, fastlege og avtalespesialist*
 - *Sikre betre integrering av avtalespesialistane som ein del av spesialisthelsetenesta*
 - *Vurdere om det skal etablerast pilotar (utover ordinære avtaleheimlar) for tett integrering mot helseføretak*

I tilknytning til punkt 2 skal det særleg vektleggast å sjå på

- *kva moglegheiter som gjeld innanfor gjeldande helselovgivning*
- *kva er moglegheitsbilete innafor eksisterande avtaleverk med omsyn til forvaltning av avtalespesialistordninga*
- *kva grenser følgjer av gjeldande regel- og rammeverk*

Parallelt med dette arbeidet blei det i 2013 også satt i gang eit arbeide på nasjonalt nivå knytt til avtalespesialistordninga under leiging av Helse- og omsorgsdepartementet. Deler av dette arbeidet er dels overlappande med det arbeidet som det var lagt opp til regionalt og har vore med å prega framdrifta i vårt eige arbeid.

Det blir i saka gjort greie for omfang og status for dette arbeidet.

Kommentarar

Regjeringa bestemte hausten 2013 at det skulle bli oppretta ein dialogprosess med Den Norske Legeforening og Norsk Psykologforening med sikte på å oppnå semje om endringar i avtale- og regelverk som regulerer avtalespesialistordninga. Utover Helse- og omsorgsdepartementet (leiar) skal også regionale helseføretak delta i dialogen. Føremålet med prosessen er å oppnå tilslutning til endringar som vil legge til rette for at tenestetilbodet som avtalespesialistane representerer i større grad enn i dag på ein kostnadseffektiv måte kan utviklast og styrast i tråd med utviklinga i behov for spesialisthelsetenester.

Det er lagt opp til at prosessen skal gå over tre fasar;

- Kartleggingsfase (våren 2014) der ein kartlegg og drøfter moglege endringar i dialog med Legeforeningen og Psykologforeningen
- Forhandlingsfase (hausten 2014) der dialogprosessen blir slutført med foreiningane med mål om å få etablert semje om endringar
- Implementeringsfase (våren 2015 -) der sentrale element vil vere reforhandling av avtaler, høyringsnotat om regelverksendringar, implementering av endringar i rapporteringssystem o.s.b.)

Det er lagt til grunn at det i forkant av fase to vil bli utarbeidd eit eige fullmaktsdokument som blir forankra i regjeringa.

Av dei tema som blir løfta fram i dette arbeidet er det særleg peikt på følgjande;

Rammeavtalene mellom dei regionale helseføretaka og legeforeningen og psykologforeningen

Det vil bli gjort ein gjennomgang og ein revidering av rammeavtalene der ein særleg ser nærare på

- forskyve tyngdepunktet i avtaleverket frå det kollektive i rammeavtalene mot det individuelle i driftsavtale
- rammeavtalene skal på ein betre måte legge til rette for at avtalespesialistane på ein systematisk måte kan delta i behandlingsskjeda på ein meir utfyllande og integrert måte samanlikna med i dag
- tidsavgrensing av driftsavtalene
- etablering av forpliktande samarbeid mellom avtalespesialist og helseføretak
- plikt til endring av tenesteleveranse for allereie inngåtte driftsavtaler
- IKT-utstyr og programvare i avtalepraksis – krav om elektronisk kommunikasjon

Rapportering

Helsedirektoratet blir gitt i oppdrag å sjå nærare på rapportering knytt opp mot mellom anna behov i forhold til takstutbetaling, styringsdata, ventelistestatistikk. Det blir lagt til grunn eit framtidig større og hyppigare behov for styringsdata til ulike aktørar.

Finansieringsmodell

Helse- og omsorgsdepartementet har bedt om Helsedirektoratet sin vurdering av korleis aktiviteten i avtalepraksis i somatiske fagområder kan bli inkludert i ISF-ordninga. Det er samtidig bedt om ein vurdering av korleis ISF-ordninga kan bli utvida til også å omfatte poliklinisk psykisk helsevern.

Andre forhold

Det blir også tatt sikte på å gi Helsedirektoratet i oppdrag å vurderer konsekvensar av å gi avtalespesialistar høve til å tildele pasient- og brukarrettar, medrekna faglege, juridiske og økonomiske konsekvensar av ei slik løysing.

Konklusjon

Helse Vest deltek saman med dei andre regionale helseføretaka i arbeidet. Utfordringane det er peika på er langt på veg overlappende med dei tema som var identifisert regionalt. Det gir god kraft i det vidare arbeidet at regionane, saman med Helse- og omsorgsdepartementet, opptrer samla i utviklinga av avtalespesialistordninga. Dei utfordringane vi har identifisert bør først og fremst bli søkt løyst gjennom det nasjonale arbeidet.

I Helse Vest vil vi parallelt arbeide vidare med punkt 1 i vårt eige mandat slik det er skissert ovanfor.